

Råstoff-situasjonen 2018-2019-2020

Bjarte Bogstad, Havforsking sinstituttet
Klippfiskseminar, Ålesund 04.09.2018




Råstoff-situasjonen 2018-2020


- Dette foredraget: Ser på torsk og sei (hyse med på nokre figurar)
- Mest norsk fiske, men også litt om fiske på desse artane i andre område (Island, Nordsjøen)
- Norsk fiske av torsk har vore historisk høgt dei siste åra, men er no på veg nedover mot langtidsgjennomsnittet
- Reknar med svak nedgang både på torsk og sei frå 2018 til 2019
- Vil fortsatt vere mykje stor torsk i fangstane, men ventar litt nedgang i gjennomsnittsvekt i fangsten i komande år



Norsk fangst 2010-2017 og kvote/kvoteråd 2018-2019



Fangst og kvoter 2010-2019, alle land inkludert




Litt biologi - torsk i Barentshavet


- Typisk alder ved første gyting: 7 år
- Vekstrate: ca 10cm/år fram til gyting- seinare vekst etter det (største dokumenterte torsk var 169cm/24 år)
- Lengde/vekt: typisk vekt(g)=0.009*lengde³(cm), altså at ein 50cm torsk er 1125 g og ein 80 cm torsk er 4608 g
- Minstemål: 44cm (lovleg med 15% i antal under minstemålet)




Gjennomsnittsvekt i fangsten - torsk i Barentshavet




Fangst på aldersgrupper- eit lengre tidsperspektiv



Fangst av torsk i NØ-Atlanteren 2010-2017



Torskefangst på område gjennomsnitt 2010-2017, NØ-Atlanteren



Kvoter og forhandlingar

- Totalkvoter blir sett for 1 år i gangen
- 90% av norsk fiske skjer på bestandar som vi deler med andre land, og kvotene blir avtalt i årlege forhandlingar
- Andelen av kvoten som går til kvart land ligg vanlegvis fast frå år til år (men mykje strid om dette for pelagiske bestandar i Norskehavet som sild og makrell)
- Torsk og hyse nord for 62° N: Norsk-russisk fiskerikommisjon møtest **her i Ålesund 15-18 oktober i år** (Sjømat Norge (Kristin Alnes) deltar i den norske delegasjonen, det gjer eg også)
- Sei nord for 62° N: NFD
- Sei, torsk og hyse i Nordsjøen: Norge-EU forhandlingar



Kvoteråd og forvaltingsreglar

- Årlege kvoteråd blir gitt av det Internasjonale rådet for Havforsking (ICES)
- For dei fleste bestandar blir kvoteråd gitt basert på ein haustingsregel (~handlingsregel ref. oljefondet), slike reglar kom for 10-15 år sidan
- Ein slik regel bestemmer kor stor kvoten for neste år blir ut frå prognosen for neste år, og skal både sikre ei føre-var forvaltning og gje høgt langtidsutbytte

- Torsk nord: $F=0.40$, maks årleg endring 20%, 10% kvotefleks
- Hyse nord: $F=0.35$, maks årleg endring 25%, 10% kvotefleks
- Sei nord: $F=0.32$, maks årleg endring 15%
- Sei sør: Under revisjon, ingen gjeldande regel, råd gitt basert på langtidsutbytte-betraktningar

- For alle bestandane blir fiskedødelegheit (F) redusert når bestanden er låg.
- For torsk i nord blir F auka når bestanden er svært stor (endring av regel i 2016)
- Dei siste åra har kvotene **stort sett** blitt fastsett i tråd med haustingsregelen og fangsten har vore nokså nær kvoten, i tidlegare tider var det ikkje slik
- Reglane blir typisk revidert kvart femte år – neste revisjon for torsk og hyse i nord i 2021



Kvoteråd 2019 (totalkvote)

- Torsk i nord: 674 678 tonn (-13 %)
- Hyse i nord: 152 000 tonn (-25 %)
- Sei i nord: 149 550 tonn (-13 %)
- Sei i sør: 118 029 tonn (+ 12%)



Utsiktene etter 2019

- Torsk i Barentshavet: Svak nedgang (totalkvote i overkant av 600 000 tonn, norsk kvote rundt 300 000 tonn) – ventar på nye sterke årsklasser som kan løfte bestanden
- Sei: Stabilt rundt 2019-nivå

